



## Søknadsskjema for utsett eller framskunda skulestart

### Opplæringsloven § 2-1

Søknaden gjeld	
<input type="checkbox"/>	Utsett skulestart
<input type="checkbox"/>	Framskunda skulestart

Opplysningar	
Barnets namn:	Født:
Adresse	
Mors namn og adresse:	Telefonnummer:
Fars namn og adresse:	Telefonnummer:
Nåverande barnehage:	Skulen barnet søker til:

Grunn for søknad

Samtykkeerklæring og underskrift	
Vi gir samtidig samtykke til at barnet blir utreda av pedagogiske psykologiske teneste (ppt) for utarbeiding av ei sakkunnig vurdering (om ikkje dette allereie føreligg), og at dei kan ta kontakt med barnehagen for ei uttale.	
_____	
Sted/ dato	
_____	_____
Underskrift føresette	Underskrift føresette

Send søknaden til kommunen v/ kommunalsjef for Levekår innan 1. januar.

# Rutinar for utset eller framskunda skulestart i Sør-Fron kommune

## Utsett skulestart

I nokre tilfelle vurderer foreldre og barnehage om 6 åringen skal vente eitt år med å begynne på skulen, altså utsett skulestart. Opplæringslova opnar for moglegheita til å søkje kommunen om utsett skulestart.

### Lovgrunnlaget

Opplæringsloven §2-1, 3. ledd:

*«Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er kome tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skulestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skulestarten eitt år.»*

### Saksgang

- Foreldre sender søknad om utsett skulestart til kommunen v/ kommunalsjef innan 1. januar det året barnet opphavleg skal starte på skulen.
- PPT utredar barnet og skriv ei sakkunnig vurdering. PPT kjem deretter med ei vurdering/ tilråding av utsett/ ikkje utsett skulestart innan 14. februar.
- Kommunen hentar informasjon frå barnehagen og sakkunnig vurdering før eit vedtak om utsett/ ikkje utsett skulestart blir fatta innan 28. februar.
- Vedtaket kan klagast på i samsvar med forvaltningslova kap. 6. Klagen må setjast fram skriftleg innan tre veker etter at vedtaket har blitt gjort kjent for foreldra. Ei eventuell klage skal sendast Sør-Fron kommune v/ kommunalsjef for Levekår.

### Kva blir vurdert?

Om barnet har kome tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte på skulen. Eit viktig spørsmål i vurderinga er om barnet har meir nytte av å gå eitt år til i barnehagen, og om dette gir ei meir positiv utvikling og eit betre grunnlag for å begynne på skulen. Vurderinga skal ta for seg barnehagetilbodet ved utsett skulestart, samanlikna med eit tilpassa opplæringstilbod i skulen (gruppestørrelse, aldersfordeling, organisering av tilbod osv).

- Barn som kan kvalifisere for utsett skulestart kan vere:
  - Barn som med eitt ekstra år i barnehagen blir vurdert til å ha eit betre utbytte av undervisninga ved skulestart (til dømes minoritetsspråklege barn)
  - Barn som er født svært seint på året (november/ desember)

## Framskunda skulestart

Foreldre har moglegheit til å søkje om å la barnet starte på skulen eitt år tidlegare, altså som 5-åring.

### Lovgrunnlaget

Opplæringsloven §2-1, 3. ledd:

*«Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år.... Dersom foreldra søkjer om det eller samtykkjer, kan kommunen etter sakkunnig vurdering la eit barn ta til på skolen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år.»*

### Saksgang

- Foreldre sender søknad om framskunda skulestart til kommunen v/ kommunalsjef innan 1. januar våren før ønska skulestart, altså våren barnet fyller 5 år.
- PPT utredar barnet og skriv ei sakkunnig vurdering. PPT kjem deretter med ei vurdering/ tilråding av framskunda/ ikkje framskunda skulestart innan 14. februar.
- Kommunen hentar informasjon frå barnehagen og sakkunnig vurdering før eit vedtak om framskunda skulestart/ ikkje framskunda skulestart blir fatta innan 28. februar.
- Vedtaket kan klagast på i samsvar med forvaltningslova kap. 6. Klagen må setjast fram skriftleg innan tre veker etter at vedtaket har blitt gjort kjent for foreldra. Ei eventuell klage skal sendast Sør-Fron kommune v/ kommunalsjef for Levekår.

### Kva blir vurdert?

- Barnet må vere fylt 5 år innan 1. april det kalenderåret barnet søkjer om framskunda skulestart.
- For å få framskunda skulestart må barnet som 5-åring vere minst like modent som 6-åringen på det intellektuelle, språklege, motoriske og sosiale området.
- Sjølv om barnet ser ut til å vere fysisk, sosialt og intellektuelt modent som 5-åring, er det viktig å vere klar over at dette ikkje nødvendigvis vil henge saman med skuleprestasjonar 5 - 10 år framover i tid, når det faglege innhaldet begynner å bli meir abstrakt og komplisert.